

VOLDA / ØRSTA REINHALDSVERK

ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR ÅRET 1989

ÅRSMELDING FOR 1989 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Organisasjon og administrasjon.

Volda / Ørsta Reinhaldsverk er eit interkommunalt selskap, danna av kommunane Volda og Ørsta, som eig selskapet med like andelar kvar. Selskapet er organisert og administrert i medhald til gjeldande vedtekter.

Frå 1. januar 1989 overtok selskapet ansvaret for drifta av fellesrenovasjonen. I påvente av avklaring i tilhøve til arbeidsgjevaransvaret, vart dette for 1989 lagt til Volda kommune, som også har ført lønsrekneskapen dette året.

Frå og med 1990 står selskapet sjølv som arbeidsgjevar.

Då ein ei tid ikkje fekk ført rekneskapen for bygg og drift tilfredsstilande ved kommunekassa i Volda, vart det inngått avtale om føring av denne frå og med 1. juli 1989 og ut året med Voldaregnskap AS. Det er seinare inngått avtale med Voldaregnskap AS om føring av både løns- og driftsrekneskap for 1990.

Rekneskapa vert reviderte av Distriktsrevisjonen for Volda, Sande og Vanylven.

Det er halde 9 styremøte og 3 representantskapsmøte i 1989.

Bygging av komprimatorstasjon i Hovdebygda.

Bygging av omlastingstasjonen og omlegging av drifta vart gjennomført i 1989. Både det tekniske og økonomiske sluttresultatet vart i tråd med dei føresetnader ein hadde lagt til grunn tidleg i fasen.

Byggerekneskapen viser dei nøyaktige tal for kostnaden til anlegget.

Både velferdsbygget og den overbygde vaskeplassen var ikkje med i dei opphavelege planane, men vart likevel oppført innanfor budsjettet.

Sluttinntrykket er at selskapet har fått svært mykje for dei midlane som lagt ned i anlegget.

Drifta i 1989.

Då budsjettet for 1989 var utarbeidd, rekna ein med drift på "Miljøstasjonen" det meste av året, men forseinka beslutningsprosess i eigarkommunane og därleg ver vinteren 88/89 førte til at stasjonen ikkje kom i drift før ut på hausten 1989. Drifta måtte difor gjennomførast etter andre rutinar ein føresett; Innleige av transportmateriell, omlasting i Alida for vidare transport til Grautneset og større bemanning enn budsjettert. Av omsyn til kapasiteten vart også den planlagde utvidinga av renovasjonsområda tilsvarande forseinka.

I førstninga av april vart omnen i Alida stengd, og i slutten av oktober

vart alle aktivitetar med brenning av avfall i Alida avslutta og portane

stengde for sjølvfylling.

Den utradisjonelle driftsforma ein måtte ty til i desse månadane, førte likevel ikkje til nemnande auke i totalkostnadene for selskapet i høve til budsjettet. Ein fekk større kostnader til løn og transport, men mindre kostnader til forbrenning.

Bemanningsplanen.

Frå 1.10.89 har 2 av dei tilsette, Matias Hovden og Kristian Eikrem, slutta etter oppnådd aldersgrense, og frå 1.1.90 slutta også Jarnar Fremmerlid av same årsak. Det er difor att 10 tilsette ved selskapet si formelle overtaking av arbeidsgjevaransvaret frå og med 1.1.90.

I budsjettet for 1990 er det lagt til grunn 11 stillingar. Desse er fordelt med 3 faste sjåførar, 6 innsamlarar (herav 2 vikarsjåførar), 1 til drift av stasjonen og 1 driftsleiar.

Etter at stillinga til Jarnar Fremmerlid vart ledig er det difor trong for ein person med førarkort klasse 2 (C) for å oppretthalde sjåførstabben i vikarsamanhang ved sjukefråver, ferieavvikling og andre transportoppdrag som vil melde seg etter kvart.

Den ledige stillinga vart utlyst i lokalpressa i slutten av året.

Drifta ved Miljøstasjonen.

Komprimatordelen av anlegget har vore i drift frå medio august 89. Alt brennbart hushaldsavfall, mindre mengder treavfall, papir, papp og plast som ikkje kan nyttast til gjenvinning, vert komprimert for destruksjon. I innkjøringsfasen av dette pilotprosjektet, som har mange kompliserte tekniske installasjonar som skal tilpassast, er det lagt ned ein stor og fagleg krevjande innsats for å få til eit funksjonelt og sikkert anlegg. Det har ein no fått.

Miljøstasjonen kan no også ta hånd om:

Grovavfall for registrering til fyllplass; Mindre mengder jernskrap og anna metall til gjenvinning; Bilbatteri; Kvitevarer (frysarar, kjøleskap, komfyrar, vaskemaskinar o.l.); Papir og papp; Spesialavfall som spillolje og anna oljeavfall, måling, lim- og lakkavfall, plantevernmiddel, syrer, baser m.m.

Transportmateriell og innsamling.

Renovasjonsområda er no utbygt etter planen, med unntak for Velsvik, Øye og Urke, ialt om lag 100 husstandar. Desse reknar ein med å ta inn i løpet av føresumaren 1990.

Utvindinga i 1989 har ført til ein auke på ialt om lag 600 abonnentar, som dessutan ligg i utkanten av renovasjonsområda.

Når ein i bemanningsplanen for innsamlinga er 1 mann mindre enn tidlegare, må ein slå fast at det berre er god vilje til innsats og samarbeid av dei som står føre innsamlingsarbeidet, samt driftssikkert transportmateriell som kan gje eit godt resultat.

For å oppnå sikker drift, betre vedlikehaldsrutinane og stå rusta til å

møte andre transportoppdrag som til dømes papirinnsamling, har Reinhaldsverket bestilt ein ny renovasjonsbil som skal leverast våren 1990.

Papirinnsamling.

Det viser seg å vere vanskeleg å få bindande avtale med mottakslass for papir (avispapir og vekeblad), mens resirkulering av bølgepapp i hovudsak er teke hand om.

Organisert papirinnsamling for Volda og Ørsta vil utgjere om lag 500 - 600 tonn kvart år, og ville gje ei verdfull innsparing i høve til forbrenningskostnadane. Det hastar å kome igang med eit so verdfullt tiltak, men det kan enno ta noko tid avdi det er meldt om kapasitetsproblem frå mottakarhald. Dersom dette vert eit landsomfattande tiltak, fryktar ein at det heile vil ende med kaos om ein etablerar mottak før produksjonskapasiteten vert betre utbygd.

Reinhaldsverket har i 1989 stilt transportmateriell gratis til rådvelde for transport av papp og papir frå lag og organisasjonar; Salsinntekten går då direkte til laga, mens reinhaldsverket sparar forbrenningskostnadene. Dette er ein god og risikofri innsamlingsmåte som bør stimulerast so langt det er praktisk mogeleg.

Styret vurderer også å setje igang ei organisert papirinnsamling frå mindre område i sentrum for mellom anna å hauste røynsle for ei seinare total utbygging i takt med marknadstilhøva.

Glasinnsamling.

På stasjonsområdet er det plassert 2 større containere for mottak og sortering av glas. Dessutan vert det i desse dagar utplassert glasigloar i sentrum og dei største bygdene. Ein føreset å byggje ut dette opplegget etter kvart som ein får erfaring for kor stort behovet er.

Kvitevarer - bilbatteri.

Desse avfallsgruppene er i godt gjenge. I 1989 vart det henta 30 tonn bilbatteri og 180 - 200 einheitar kvitevarer. Det vert lagt opp til å hente slike varer frå fleire stader i kommunane 2 gonger i året etter kunngjering i lokalpressa og/eller på anna høvelig vis.

Spesialavfall.

Mottaket er etablert og vert sett i full drift når tilsagn om dekning av underskot ligg føre frå Miljøverndepartementet.

Grovavfallslass.

Volda kommune er i gang med regulering av grovavfallsfylling for Reinhaldsverket, og ein vonar på rask sakshandsaming, då ein har prekær mangel på dette idag.

Slam.

Reinhaldsverket skal ta hand om septikslam. Etter ei vurdering gjordt for 2 år sidan, var det einaste økonomisk realiserbare alternativet å etablere djupvassutslepp.

Det har imidlertid også på denne sektoren skjedd ei utvikling, og etter ei ny vurdering, har vi valt å satse på mobil avvatning. Saka er sendt over til kommunane.

Rekneskapen for 1989.

Generelt.

Som nemnt ovanfor, vart rekneskapen ført ved Kommunekassa i Volda første halvår 1989, men grunna kapasitetsvanskar i bokhalderiavdelinga, klarte dei ikkje å halde rekneskapen àjour. Rekneskapen vart difor ført av Voldaregnskap AS for resten av året. Rekneskapen vert no oppdatert minst ein gong i månaden, og ein kan no nytte rekneskapen slik han er meint, til kontroll og styring av inntekter og kostnader.

Meirverdiavgift.

Selskapet er registrert i avgiftsmantalet hos Fylkesskattesjefen i Møre og Romsdal som avgiftspliktig for meirverdiavgift. I 1989 har ein ført eige avgiftsrekneskap for inngåande mva og investeringsavgift, mens omsetninga har vore avgiftsavreksna hos eigarkommunane, Volda og Ørsta. Dette er ikkje rett, og frå 1990 må ein også avgiftsavrekne inntektene i selskapet. Dette gjer ein ved å fakturere forskot på kommunane med tillegg av mva månadleg, og sidan avregne dette mot endeleg oppgjer ein eller fleire gonger i året. Dette vil ikkje føre med seg ekstrakostnader for nokon, bortsett frå at det må transporterast meir pengar mellom kontoane i kommunane og hjå oss.

Inntekter.

Budsjetterte inntekter for 1989 var kr. 6.105.575 mens ein oppnådde totalt kr. 6.132.382; Eit positivt avvik på kr. 26.807 og i praksis likt budsjettet. Ørsta hadde 53% av omsetnaden og Volda 47%.

Då ein fekk utbetalt låna til komprimatorstasjonen tidleg på året, unngjekk ein å måtte betale byggjelånsrenter i nemnande grad, og ein fekk gode renter på innskot av midlane i bank, slik at dette ga svært lave finanskostnader i 1989.

Utgifter.

Då ein ikkje fekk komprimatorstasjonen i drift som planlagd, vart det til dels store avvik i dei einskilde utgiftspostana i høve til budsjett.

Lønskostnadene vart mykje høgare, heile kr. 796.946 eller 42,84%.

Ein del andre kostnader vart også høgare enn føresett av same årsak, men ein fekk stor innsparing på forbrenningskostnadene til Grautneset istaden. Dette, saman med renteinnsparingen nemnt ovanfor, ga eit overskot på sjølve drifta på kr. 197.339, som må seiast å vere svært positivt.

Bygginga av komprimatorstasjonen fekk eit større omfang enn først tenkt, utan at dette vart vesentleg dyrare, og ein må kunne seie at ein har fått mykje for pengane. Anlegget vart likevel kr. 219.953 dyrare enn budsjettet, slik at det rekneskapsmessige underskotet vart kr. 22.614,54, som må dekkast seinare.

Balansen.

Av balansen går det fram at ein har teke alle kostnader ved byggjinga av det nye anlegget inn i rekneskapen for 1989 og ført desse opp som ubetalt gjeld ved årsskiftet. Ein har også tatt heile tilskotet frå Miljøverndepartementet til inntekt.

Sjølv om ein har hatt god likviditet til no, synes det turvande å få styrkt

kontantmidelen noko, og dette bør vurderast i samband med framtidige låneopptak. Ein bør kanskje prøve å dekkje inn att underskotet på anlegget, knapt kr. 220.000,- ved lån eller på anna vis.

Balansen må elles kunne karakteriserast som ganske solid.
Detaljerte opplysningar går elles fram av rekneskapen.

Volda, den 3. april 1990


Knut Brune
driftsleiar

VANYLVEN, SANDE OG
VOLDA KOMMUNEREVISJON
6143 FISKABYGD
6084 LARSNES
6100 VOLDA

TLF 070-21144
TLF 070-28900
TLF 070-76582 06.04.90
REF REI-RMBR. 89

REPRESENTANTSkapET FOR VOLDA/ØRSTA
REINHALDSVERK
✓styret
✓styreformann Lars Petter Bye

6160 HOVDEBYGDA

REVISJONSMELDING TIL REKNESKAPEN FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK
FOR 1989.

Eg har revidert rekneskaperen til Volda/Ørsta reinhaldsverk for 1989. Revisjonen er utført etter gjeldande instruks fastsett av Kommunaldepartementet av 12.04.1989 med heimel i paragraffane 42 og 43, jfr. paragraff 41, i Komunelova.

Dei opplysningsar som eg har bede om, har eg fått. Alle bilag, dokument, utskrifter av vedtak, møtebøker m.v. som har vore nødvendig for ein forsvarleg kontroll har eg fått/hatt tilgang til.

Rekneskaperen er førd og avslutta etter gjeldande forskrifter av 1971 fastsett av Kommunaldepartementet med heimel i Komunelova paragraffane 50 og 58.

Rekneskaperen samsvarar med vedteke budsjett når det gjeld bokføringa. Avvik frå budsjettet går klart fram av rekneskaperen og av driftsleiaren si årsmelding. Det er ein del avvik frå budsjett til rekneskap på enkelte postar. For meg ser det likevel ut som om driftsleiaren har hatt totaloversikt, slik at ein ved rekneskapsavslutninga ikkje får store avvik mellom utgifter og inntekter, totalt.

Endeleg budsjett- og balanserekneskap i underskriven stand vart levert revisjonen den 4. april. Driftsleiaren si årsmelding vart levert den 4. april.

Rekneskaperen skal leverast revisjonen innan 1. mars iflg. budsjett- og rekneskapsforskriftene. På grunn av eit ekstraordinært år på mange måtar vart ikkje fristen halden. Lenging av fristen var avtala med revisjonen. Eg ber om at reinhaldsverket innrettar sine arbeidsrutiner m.v. slik at denne datoan kan haldast for framtida.

Eg har ingen fasthalden merknad som det ikkje er gitt tilfredsstillande svar på. Men må likevel peike på at ymse interrrutiner må betrast. Like eins må framtidige budsjett vedtakast i rett tid (innan 1. september) og naudsynte budsjettendringar må verte gjorde i året.

Oppgjerdet med Volda kommune for 1989 er ikke endeleg. Endeleg posterings vert å føre på 1990 rekneskaperen så smart tala foreligg frå kommunekasseraren.

I samsvar med kommunelova, paragraff 50.4, vert underskotet for 1989, kr. 22.615, å dekke inn på budsjettet for 1991.

Vidare bør ein vurdere å budsjetttere ein sum til styrking av kontantmidelen.

Utgifter og inntekter på budsjettrekneskapen balanserar med kr. 11.583.056,88.

Reinhaldsverket sin balanse viser at aktiva og passiva balanserar med kr 5.869.826,83.

Lånegjelda er pr 31.12.89 kr 4.350.000.

For tal elles viser eg til det detaljerte rekneskap og driftsleiaren si årsmelding. ()

DESISJON:

Det budsjettrekneskap og balansen som ligg føre, gir etter mi meining eit korrekt bilde av reinhaldsverket sitt driftsresultat og status.

Eg kan etter dette tilrå at styret for Volda/Ørsta reinhaldsverk legg rekneskapen fram for representantskapet med slik tilråding til desisjonsvedtak:

Representantskapet for Volda/Ørsta reinhaldsverk godkjenner Volda/Ørsta reinhaldsverk sin budsjett- og balanserekneskap for 1989 slik den ligg føre (utskrift datert 03.04.90).



Jostein Støylen
distriktsrevisor



Anna Mjånes
Anna Mjånes
Førstesekretær

Kopi til: Styret for Volda/Ørsta reinhaldsverk
v/formann Lars Petter Bye
Driftsleiari Knut Brune
Volda kommune
Ørsta kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Voldaregnskap AS

DEBET		KREDIT	
1/1 19 89 Saldo(undersk. i kapital)	0,-	1/1 19 89 Saldo (kapital)	0,-
Debetposter i året :		Kreditposter i året:	
Salg av fast eiendom		Aktivering av fast eiendom	4.744.953,71
Nedskrivning av fast eiendom		Oppskrivning av fast eiendom	
Avskrivning av maskiner og transpm.	46.875,-	Aktivering av maskiner og transp.	772.829,85
Salg av aksjer		Kjøp av aksjer	
Nedskrivning av aksjer		Oppskrivning av aksjer	
Avdrag på utlån		Utlån	
Avskrivning på utlån		Tilbakeføring på lån av fondsmidl.	
Lån av fondsmidler		Tilbakeføring på lån av kont.beh. .	
Lån av kontantbeholdning		Avsetning til kontantbeholdning..	
Overføring fra kontantbeholdning ...		Avdrag på eksterne lån	46.875,-
Bruk av lånemidler fra eksterne lån...	4.350.000,-		
31/12 19 89 Balanse (kapital) ...	1.167.783,56	31/12 19 Balanse (undersk. i kapital)	
Kr.	5.564.658,56	Kr.	5.564.658,56

Volda den 4. april 1990

for Voldaregnskap AS

*Hans B. Sæter
Ørsta Reinhaldsverk*

Vonni Martinussen

Jostein Støylen

HOVEDOVERSIKT REKNESKAP 1989 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 7

KONTO	UTGIFTER	INNTEKTER	RESULTAT
38.00.	TOTALE UTGIFTER OG INNTEKTER		
38.00.0	LØNSUTGIFTER	2.656.946,23	0,00
38.00.1	KJØP/VEDL. ANLEGG OG UTSTYR	820.940,88	0,00
38.00.2	DRIFTSUTGIFTER	3.061.926,28	0,00
38.00.3	RENTER OG EKSTRAORDINERE KOSTNADER	251.414,78	0,00
38.00.4	NYANLEGG	4.744.953,71	0,00
38.00.5	FINANSIELLE UTGIFTER	46.875,00	0,00
38.00.6	INNTEKTER RENOVASJON	0,00	6.132.382,34
38.00.7	REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER	0,00	153.060,00
38.00.8	TILSKOT	0,00	925.000,00
38.00.9	FINANSIELLE INNTEKTER	0,00	4.350.000,00
		11.583.056,88	11.560.442,34
			22.614,54
38.00.990	REKNEKAPSMESSIG UNDERSKOT 1989	0,00	22.614,54
	TOTALE UTGIFTER / INNTEKTER	11.583.056,88	11.583.056,88
			0,00

**OVERSIKT OVER NYBYGG
OG NYANLEGG M.V.**

VOLDÅ/ØRSTA REINHALDSVERK

1989 8

Konto	Anlegg, kostnadsoverslag, dekning	Tidligere medgått	Medgått i året	Overført ubrukt (av driftsmidler)	Til senere dekning
38.00.401	<u>Komprimatorstasjon Hovdebrygda</u>	<u>0,-</u>	<u>4.744.953,71</u>	<u>0,-</u>	<u>0,-</u>
	Dekning:				
38.00.810	Tilskot fra Miljøverndepartementet	0,-	925.000,00	0,-	
38.00.981	Lån fra Realkreditt	0,-	1.400.000,00	0,-	0,-
38.00.983	Lån fra Norges komm. bank	0,-	2.200.000,00	0,-	0,-
	Driftsmidlar	0,-	219.953,71	0,-	0,-
		<u>0,-</u>	<u>4.744.953,71</u>	<u>0,-</u>	<u>0,-</u>

ÅRSREKNEKAP 1989 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 9

KONTO- NUMMER	REKNEKAP 1989	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
38.00.0 LØNSUTGIFTER			
38.00.010 LØN I FASTE STILLINGAR	1.387.124,09	1.405.000,00	1.425.000,00
38.00.021 NATT-TILLEGG	8.838,64	8.900,00	0,00
38.00.081 EKSTRAHJELP	743.024,61	720.000,00	90.000,00
38.00.082 OVERTID	125.118,71	125.000,00	30.000,00
38.00.090 ARBEIDSØLGEVARAVGIFT	313.498,52	312.100,00	238.000,00
38.00.091 PENSJONSUTGIFTER	79.341,66	79.400,00	77.000,00
LØN	2.656.946,23	2.650.400,00	1.860.000,00
38.00.1 KJØP/VEDL. ANLEGG OG UTSTYR			
38.00.100 NY RENOVASJONSBIL	772.829,85	750.000,00	0,00
38.00.110 NYANSKAFF. MASKINER/TEKNISK UTSTYR	11.445,00	0,00	0,00
38.00.120 INNBU OG UTSTYR	16.998,06	0,00	0,00
38.00.151 VEDLIKEHALD ALIDA	18.672,87	13.600,00	0,00
38.00.152 VEDLIKEHALD KOMPROMATORSTASJON	995,10	1.000,00	0,00
ANLEGG OG UTSTYR	820.940,88	764.600,00	0,00
38.00.2 DRIFTSUTGIFTER			
38.00.200 KONTORUTGIFTER	26.822,88	27.000,00	25.000,00
38.00.201 GEBYRER/BETALINGSFORMIDLING	801,00	800,00	0,00
38.00.210 LYS OG BRENSSEL	16.800,71	15.000,00	12.000,00
38.00.211 REINH.MATERIELL/LYSPER ETC.	8.386,58	9.000,00	0,00
38.00.212 REINHALD	1.753,00	1.800,00	0,00
38.00.220 HUSLEIGE FURENE BYGG (A.VÅGE)	49.000,00	49.000,00	50.000,00
38.00.222 AVGIFTER OG TRYGDER BYGG	2.901,80	2.800,00	40.000,00
38.00.226 GRUNNLEIGE FYLLPLASS ALIDA	950,00	950,00	650,00

ÅRSREKNESKAP 1989 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 10

KONTO- NUMMER	REKNESKAP 1989	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
38.00.230	REISE/KOST OG REPRESENTASJON	27.568,18	40.000,00
38.00.231	FERJEUTGIFTER	41.720,00	42.000,00
38.00.240	AVGIFTER/TRYGDER BILAR	80.400,00	63.300,00
38.00.250	DRIVSTOFF/REKVISITA BILAR	87.610,70	88.000,00
38.00.260	VEDLIKEHALD BILAR/MASKINAR	25.874,96	240.000,00
38.00.261	VEDLIKEHALD UE-37358 TOYOTA 77	15.176,22	0,00
38.00.262	VEDLIKEHALD UE-46844 MB 78	9.890,74	0,00
38.00.263	VEDLIKEHALD UE-46761 MB 78	33.101,60	0,00
38.00.264	VEDLIKEHALD UE-58711 VOLVO 82	91.642,23	0,00
38.00.265	VEDLIKEHALD UN-14905 NISSAN 84	26.904,91	0,00
38.00.266	VEDLIKEHALD UE-73901 VOLVO 88	5.013,47	0,00
38.00.268	VEDLIKEHALD TRAKTOR 88	14.814,64	0,00
38.00.270	VERNE. OG ARBEIDSKLÆR	23.579,13	18.000,00
38.00.271	LINJE/RADIO HELGEHORNET	6.300,00	0,00
38.00.280	GAR/ULYKKESTRYGD PERSONER	2.849,00	0,00
38.00.290	ANDRE DRIFTSUTGIFTER	7.631,96	41.000,00
38.00.291	KURSUTGIFTER	8.521,00	0,00
38.00.292	ØREAVRUNDING MVA	0,04	0,00
38.00.293	UTGIFTER BATTERIINNSAMLING	41.930,80	35.000,00
38.00.294	REKNESKAP / REVISJON	33.000,00	20.000,00
38.00.295	INNLEIGE AV MASK/ARB. HJELP	139.239,14	20.000,00
38.00.296	KJØP AV SEKKAR	665.300,81	110.000,00
38.00.297	TRANSPORT TIL GRAUTNESET	127.251,20	490.000,00
38.00.298	FORBRENNINGSKOSTN. GRAUTNESET	1.424.889,58	343.965,00
38.00.299	BEDRIFTSHELSETENESTA	14.300,00	1.925.960,00
	DRIFTSUTGIFTER		0,00
			3.331.575,00
38.00.3	RENTER OG EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER		
38.00.331	REFUSJON TIL ØRSTA KOMMUNE	6.572,92	0,00
38.00.340	SKADESERSTATNINGER	1.320,00	1.320,00

ÅRSREKNEKAP 1989 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 11

KONTO- NUMMER	REKNEKAP 1989	REVIDERT BUDSJETT	OPPHAVELEG BUDSJETT
38.00.380 RENTER/PROVISJON KASSAKREDITT	3.046,71	10.000,00	100.000,00
38.00.381 RENTER PÅ LÅN ANLEGG	187.346,95	179.900,00	400.000,00
38.00.382 RENTER PÅ LÅN BILKJØP	53.000,00	53.000,00	160.000,00
38.00.389 YMSE RENTER/MORARENTER RENTER / EKSTRAORD.KOSTN	128,20	300,00	0,00
	<u>251.414,78</u>	<u>244.520,00</u>	<u>660.000,00</u>
SUM UTGIFTER DRIFT IALT	<u>6.791.228,17</u>	<u>6.719.795,00</u>	<u>5.851.575,00</u>
38.00.4 NYANLEGG			
<u>38.00.401 KOMPROMATORSTASJON HOWDEBYGDA</u>	<u>4.744.953,71</u>	<u>4.525.000,00</u>	<u>0,00</u>
38.00.5 FINANSIELLE UTGIFTER			
38.00.580 AVDRAG FASTE	0,00	147.780,00	266.000,00
<u>38.00.582 AVDRAG LÅN BIL</u>	<u>46.875,00</u>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
SUM FINANSIELLE UTGIFTER	<u>46.875,00</u>	<u>147.780,00</u>	<u>266.000,00</u>
SUM UTGIFTER IALT	<u>11.583.056,88</u>	<u>11.392.575,00</u>	<u>6.117.575,00</u>
38.00.6 INNTEKTER RENOVASJON			
38.00.600 SAL AV SEKKAR VOLDA	32.150,00	25.000,00	50.000,00
38.00.601 SAL AV SEKKAR ØRSTA	18.306,00	25.000,00	0,00
38.00.610 RENOV.AVG. STATIV VOLDA	2.350.540,34	3.002.780,00	3.002.780,00
38.00.611 RENOV.AVG. STATIV ØRSTA	2.539.251,00	3.052.795,00	3.052.795,00
38.00.620 AVGIFT FORRETN.AVFALL VOLDA	499.060,00	0,00	0,00
38.00.621 AVGIFT FORRETN.AVFALL ØRSTA	693.075,00	0,00	0,00
SUM INNTEKTER RENOVASJON	<u>6.132.382,34</u>	<u>6.105.575,00</u>	<u>6.105.575,00</u>

ÅRSREKNEKAP 1989 FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 12

KONTO-	REKNESKAP	REVIDERT	OPPHAVELEG
NUMMER	1989	BUDSJETT	BUDSJETT

38.00.7	REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER		
38.00.700	REFUNDERTE SJUKEPENGAR	16.434,00	0,00
38.00.701	REFUNDERT FOR 5. FERIEVEKE	11.364,00	12.000,00
38.00.780	RENTEINNTEKTER FRÅ BANK	125.262,00	0,00
	SUM REFUSJONAR OG RENTEINNTEKTER	<u>153.060,00</u>	<u>12.000,00</u>
38.00.8	TILSKOT		
38.00.810	TILSKOT KOMPRIMATORSTASJON MILJØDEP.	<u>925.000,00</u>	<u>925.000,00</u>
38.00.9	FINANSIELLE INNTEKTER		
38.00.981	LAÑ REALKREDITT	1.400.000,00	0,00
38.00.982	LAÑ BOLIG- OG NÆRINGSKREDITT	750.000,00	0,00
38.00.983	LAÑ KOMMUNALBANKEN	2.200.000,00	0,00
	SUM FINANSIELLE INNTEKTER	<u>4.350.000,00</u>	<u>0,00</u>
38.00.990	REKNEKAPSMESSIG UNDERSKOT 1989	<u>22.614,54</u>	<u>0,00</u>
	SUM INNTEKTER IALT		
		<u>11.583.056,88</u>	<u>11.392.575,00</u>
			<u>6.117.575,00</u>

ÅRSREKNESKAP 1989 BALANSE FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 13

KONTO	SPESIAL-	HOVED-
NUMMER	SUMMER	SUMMER

AKTIVA

FINANSIELLE AKTIVA		
38.70.600	SUNNMØRSBANKEN 09.600	87.880,67
	UNDERKAPITLETS SUM	
<hr/>		
FORDRINGAR		
38.74.400	VOLDA KOMMUNE	422.208,94-
38.74.420	ØRSTA KOMMUNE	250.632,00
38.74.430	TILSKOT MILJØVERNDEPARTEMENTET	460.000,00
	UNDERKAPITLETS SUM	288.423,06
<hr/>		
ANLEGG OG ANLEGGSMIDDEL		
38.78.200	TRANSPORTUTSTYR	725.954,85
38.78.400	KOMPROMATORSTASJON	4.744.953,71
	UNDERKAPITLETS SUM	
<hr/>		

UNDERSKOT

38.79.800	ÅRETS REKNESKAPSMESSIGE UNDERSKOT	22.614,54
	UNDERKAPITLETS SUM	
	SUM AKTIVA	5.869.826,83
<hr/>		

PASSIVA

ANNA GJELD		
38.83.410	KOSTN. KOMPROMATORSTASJON UBET.	31/12 886.477,65
38.83.420	HONORAR REKNESKAPSFØRSEL UBET.	31/12 12.960,00
	UNDERKAPITLETS SUM	
899.437,65		

ÅRSREKNESKAP 1989 BALANSE FOR VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK - UTSKRIVEN 03/04/90

SIDE: 14

KONTO-
NUMMERSPESSAL-
SUMMER
NUMMERHOVED-
SUMMER

DRIFTSKREDITTAR		
38.83.601	SUNNMØRSBANKEN	05.03821
38.83.602	SUNNMØRSBANKEN	06.86748
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>378.725,60-</u>

LÅN		
38.83.603	REALKREDITT	095924
38.83.604	BOLIG-/NÆRINGSKREDITT	505351
38.83.605	NORGES KOMM. BANK	75.82001
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>4.303.125,00</u>

MEIRVERDIAGIFT		
38.84.223	OPPGJERSKONTO MEIRVERDIAGIFT	121.793,78-
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>121.793,78-</u>

KAPITAL		
38.89.900	KAPITALKONTO	1.167.783,56
	UNDERKAPITLETS SUM	
		<u>1.167.783,56</u>
		<u>5.869.826,83</u>
	SUM PASSIVA	
	NETTO	<u>0,00</u>

PER MULVIK AS

ÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK - BYGGELEDELSE
COMMUNALTEKNIKK - LANDMÅLING

6101 VOLDA,
BOKS 86
Telefon 070-76 535
Telefax 070-78 163
Mobiltelefon 090-32 399

Volda/Ørsta Reinhaldsverk
6100 Volda

Samandrag av revidert byggerekneskap der dei einskilde beløp refererer seg til oppsett i kostnadsoverslag av 22.6.88.

Komprimator/teknisk utstyr/containerar	kr. 1.346.878,-
Bygningstekniske anlegg	" 1.328.217,-
Grunnverv	" 200.500,-
Graving/sprenging/kult/grus/asfaltering	" 806.638,-
Prosjektering/prosjektledelse	" 326.850,-
Administrasjonskostnader/byggeledelse	" 209.550,-
Diverse kostnader	" <u>191.258,-</u>
	kr. 4.409.891,-
Investeringsavgift	" <u>335.063,-</u>
Sum anleggskostnader	<u>kr. 4.744.954,-</u>

Byggelånsrenter er ikkje medteke i beløpet.

Volda 2.4.90

PER MULVIK A/S
ÅDGIVENDE INGENIØR MNIF
BYGNINGSTEKNIKK

VOLDA

Per Mulvik

DISTRIKTSREVISOREN
FANNLVÆN, SANDE OG VOLDA
KOMM. REVISJONSDISTRIKT

Anna Ohjanes

Oversikt over samla låneopptak og avdrag på gjeld lor volda / yrsta kennausverk

I ÅR
1989
I Blad
16

I ÅRET OG LÅNEGJELD VED UTGANGEN AV ÅRET

	Lån nr.	88.19082	505351	75.82.001	SUM
Kontonummer.....	38.83.603	38.83.604	38.83.605	38.83.605	
Långiver.....	Realkredit	Bolig & Næringskredit	Norges Komm. bank		
Lånets formål	Omlastingsstasjon	Innsamlingsbil	Omlastingsstasjon		
Låneform					
Lånet opptatt (dato)	22.02.1989	28.04.1989	25.05.1989		
Opprinnelig størrelse (kr) ..	1.400.000,-	750.000,-	2.200.000,-		
Rentefot (%)	13,1% p.a.	12,3% p.a.	11,5% p.a.		
Konvertibelt fra (dato)					
Lånets løpetid	20 år	8 år	20 år		
Siste avdrag (år)	2009	1997	2009		
Kontraktsmessig avdrag i året (kr)		46.875,-			
Nye lån tatt opp i regnskapsåret (kr)	1.400.000,-	750.000,-	2.200.000,-	- 4.350.000,-	
Avdrag utgiftsført i regnskapsåret (kr)		46.875,-		- 46.875,-	
Renter utgiftsført i regnskapsåret (kr)	9.000,-	53.000,-	151.280,60		
Oppkjøpte obligasjoner for senere terminer (kr)					
Avdragsrestanser (kr)					
Virkelig gjeld (kr)	1.400.000,-	703.125,-	2.200.000,-	- 4.303.125,-	
Renterestanser (kr)					
Merknader					